

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-005
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 24.03.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
061/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	12.10.2021
124/21	Alver kommunestyre	28.10.2021

Flaggreglement for Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner flaggreglement for Alver kommune, slik det ligg ved saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 12.10.2021:

Handsaming:

Framlegg om tillegg:

Det skal flaggast i kombinasjon med det Norske flagg. Det skal vera to flaggstenger ved kvart av dei tre kommunehusa.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med vedteke endring vart samrøyses vedteke.

OKK- 061/21 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner flaggreglement for Alver kommune, slik det ligg ved saka, med følgjande endring/t tillegg:

Det skal flaggast i kombinasjon med det Norske flagg. Det skal vera to flaggstenger ved kvart av dei tre kommunehusa.

Alver kommunestyre 28.10.2021:

Handsaming:

Innstilling frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur med endringa vart vedteke med 25 røyster, mot 10 (A.K.Eknes-Krf, S.Lavik-Krf, A.Hetlebakke-Krf, A.J.Sæle-Krf, R.Bø-uavh., J.V.Sakseide-Krf, E.M.Dale-Krf, Ø.Bratshaug-H, F.Kampevold-H og Ø.Moldeklev-Frp)

Framlegg frå J.Hellsetveit-SP:

1. 1. Endring av punkt 2 i innstillinga

Endring 2.1 i Flaggreglementet:

****Ved rådhuset og kommunehusa skal ein flagge i kombinasjon med nasjonalflagget, men jf. 2.6 og 3.4.**

Tillegg:

Det skal vere to flaggstenger ved Alver rådhus og kommunehusa på Manger og Frekhaug.

Framlegget vart vedteke med 37 røyster, mot 8 (S.Lavik-Krf, A.Hetlebakke-Krf, A.J.Sæle-Krf, Ø.Bratshaug-H, A.K.Eknes-Krf, E.M.Dale-Krf, J.V.Sakseide-Krf og Ø.Moldeklev-Frp.)

Framlegg frå A.Hetlebakke-KRF:

Alver kommune flaggar med det norske nasjonalflagget på dei til ei kvar tid vedtekne offisielle flaggdagane i Norge. Flaggreglementet vert oppdatert i tråd med dette.

Framlegget fekk 14 røyster og fall (S.Lavik-Krf, T.Risøy-Krf, M.Klementsens-uavh., S.Røskeland-H, A.Hetlebakke-Krf, J.V.Sakseide-Krf, E.M.Dale-Krf, Ø.Bratshaug-H, A.J.Sæle-Krf, H.Dale-uavh., F.Kampevold-H, Y.Walaker-uavh., A.K.Eknes-Krf og Ø.Moldeklev-Frp.)

KO- 124/21 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner flaggreglement for Alver kommune, slik det ligg ved saka, med følgjande endring/tillegg:

Endring av punkt 2 i innstillinga

Endring 2.1 i Flaggreglementet:

****Ved rådhuset og kommunehusa skal ein flagge i kombinasjon med nasjonalflagget, men jf. 2.6 og 3.4.**

Tillegg:

Det skal vere to flaggstenger ved Alver rådhus og kommunehusa på Manger og Frekhaug.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Norske forskrifter og lovverk regulerer offisielle flaggdagar, men desse er berre bindande for statlege bygningar. Kommunane må sjølv definere kva for dagar det skal flaggast ved kommunale bygg, anlegg og eigedomar. Desse kommunale flaggdagane er ofte heilt eller dels samsvarande med dei offisielle flaggdagane, og er i ein del tilfelle supplert med andre merkedagar etter lokale ønskje.

Frå 2021 utvida Stortinget kommunanes høve til å flagge med andre flagg enn nasjonalflagget, det samiske flagg og kommune- og fylkestingsflagg.

Alver kommune har med seg praksis knytt til flagging frå dei tre gamle kommunane, med mange lokale variasjonar. Saman med dei nye moglegheitene i lovverket, er det behov for eit lokalt flaggreglement, som kan vere styrande for flagging ved kommunale bygg, anlegg og eigedomar.

Saksopplysningar:

Flaggreglementet søker å etablere felles lokale reglar og fastsette ansvar for flagging. Ansvaret vert delt med at drifts- og vedlikehaldstenesta flaggar ved Alver rådhus og kommunehusa på Manger og Frekhaug, mens den lokale tenesteytar flaggar ved institusjonar, skular og barnehagar, eventuelt i samarbeid med lokal frivilligheit.

Intensjonen er å klargjere sentralt ansvar, samstundes som ein vil sikre vidareføring av god lokal praksis, der flagg ofte vert i heist i ulike samarbeid av lokale aktørar utan at kommunen sentralt er involvert.

Flaggreglementet gir likevel retning for lokal flagging ved å definere kommunale flaggdagar.

Flaggreglementet følgjer i stor grad dei offisielle flaggdagane, med unntak av Olsok og fødselsdagane til kronprins Haakon Magnus, kronprinsesse Mette-Marit og prinsesse Ingrid Alexandra. Flaggreglementet etablerer vidare at det skal flaggast på Samefolkets dag, med det samiske flagget.

Fram til 2021 var det forbod mot å flagge med andre flagg enn nasjonalflagget, det samiske flagget og kommune- og fylkesflagg på kommunale bygg, med unntak av ved arrangement eller særtilfelle som statsbesøk. Frå 2021 er det opna for at ein kan flagge med andre flagg også ved ålmenne merkedagar, og det er ikkje lenger krav om at ein må halde eit arrangement for å bruke andre enn dei nemnde flagga.

Flaggreglementet fremjar tre kommunale flaggdagar, som ikkje er offisielle flaggdagar:

8. mars / Kvinnedagen, 28. juni (bevegeleg) / Pride, og 24. oktober / FN-dagen, høvesvis med nasjonalflagget, regnbogeflagget og FN-flagget.

Bruk av nye flagg medfører innkjøp på kring kr 30 000 for Alver rådhus og dei to kommunehusa. Dette vert dekt innafør gjeldande ramme. Bruk av nye flagg ved andre kommunale bygg, anlegg og eigedomar må dekkast av den lokale tenesteytar/aktør.

Vedlegg i saken:

05.10.2021 Flaggreglement for Alver kommune

1622469